

Aktsemdsvurdering i Sunnfjord Miljøverk IKS

Openheitslova



Innhald

Vurdering av aktsemd i Sunnfjord Miljøverk IKS	3
Innleiing	3
Tilnærming til grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve	4
Generelt	4
Organisering og verksemdsstrategi	4
Retningslinjer og rutinar for handtering av risiko	7
System for handtering av informasjonsplikta	7
Vesentlege risikoområder i vår eiga verksemd	8
Vesentlege risikoområder i leverandørkjeda	8
Funn og tiltak	9
Tiltak for å avgrense risiko i leverandørkjeda	9
Implementering	10
Kontakt	10

Vurdering av aktsemd i Sunnfjord Miljøverk IKS


Sunnfjord Miljøverk IKS, heretter SUM, følger lov om verksemder si openheit og arbeid med grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold ([Openheitslova](#)).

Innleiing

Openheitslova tredde i kraft 1. juli 2022 og vart vedteke for å fremje verksemder si respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve. Lova skal sikre at det allmenne har tilgang til informasjon om korleis verksemder handterer reelle og potensielle grunnleggjande negative konsekvensar av verksemda si. Lova er ei menneskerettslov for næringslivet i Norge, og lova krev at norske selskap må skaffe seg kunnskap om kor dei har eller kan ha ein negativ påverknad på andre menneske sine rettar, og jobbe for å stanse slik påverknad.

OECDs retningslinjer er utgangspunkt for regelverket og verksemder må utføre evaluering av menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve på tvers av alle leverandørkjedene sine. Evalueringa skal sikre at standardar for etisk sysseting vert oppfylt i alle ledd.

Aktsemdsstandarden i openheitslova byggjer på FN sine retningsgjevande prinsipp for ansvarleg næringsliv og menneskerettar (UNGP) og OECD sin rettleiar for aktsemdsvurderingar for ansvarleg næringsliv:



Figur: AKTSOMHETSVURDERINGSPROSESSEN OG STØTTETILTAK¹

I tråd med føremålet til lova, vert SUM pålagd å offentliggjere ei utgreiing om aktsemdsvurderingane.

Dette dokumentet er utarbeidd for å oppfylle SUM si plikt til å greie ut om aktsemdsvurderingane. Dokumentet skal oppdaterast årleg innan 30. juni. Det vil òg bli oppdatert ved vesentlege endringar i verksemda si risikovurdering.

¹ Figur frå *OECDs VEILEDER FOR AKTSOMHETSVURDERINGER FOR ANSVARLIG NÆRINGSLIV*.

På norsk Organisasjonen for Økonomisk Samarbeid og Utvikling med 38 medlemsland og hovudkontor i Paris.

Tilnærming til grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve

Generelt

SUM skal utføre offentlege tenester for sine eigarkommunar heimla i ureiningslova. SUM tek ansvar for oppsamling, innsamling, handsaming og transport av alle avfallstypar i kommunane, samt innsamling, transport og handsaming av slam frå slamavskiljarar og kommunale reinseanlegg.

SUM samlar inn avfall og slam frå omlag 30 000 innbyggjarar i eigarkommunane Sunnfjord, Askvoll, Fjaler og Hyllestad. Vi har etablert og driftar seks gjenvinningsstasjonar. Hovudanlegget er på Einestølen i Sunnfjord Kommune. På gjenvinningsstasjonane har vi innsamlingsystem, mottak, mellomagring og vidaresending av farleg avfall og avfall som kan energi- og materialgjenvinnast.

Organisering og verksemdsstrategi

Konsernet består av morselskapet Sunnfjord Miljøverk IKS og dotterselskapet SUM Næring AS. Vi er lokalisert på tre plassar: Produksjonen ligg på Einestølen, transportavdelinga er lokalisert i Flovegen på Øyrane, og administrasjonen har i tillegg til hovudanlegget eit administrasjonslokale på Elvegården i Førde Sentrum.

Transportavdelinga utfører transporttenester for morselskapet sin primæraktivitet og for SUM Næring AS. SUM Næring AS står for næringsaktiviteten i konsernet.

Visjon



Sunnfjord Miljøverk skal tilby løysingar verda treng, til glede og nytte for folk og lokalsamfunnet

Overordna målsetnad



Sunnfjord Miljøverk skal vere meir enn eit renovasjonsselskap. I dette ligg det at SUM skal gjere avfall til ressurs. Vi skal vere ein aktiv og nyskapande aktør som samarbeider, utviklar og tilbyr lokalsamfunnet dei beste berekraftige løysingane.

Representantskapet er SUM sitt øvste organ og består av sju faste medlem. SUM sitt styre består av fem medlem.

Styret er opptekne av at selskapet skal gjere avfall til ein ressurs. SUM skal vere ein aktiv og nyskapande aktør som arbeidar saman med lokalsamfunnet, der ein utviklar og tilbyr dei best tilgjengelege berekraftige løysingane.

Styret føl utviklinga i bransjen og gjeldande rammelovgjevning tett, og har stort fokus på korleis selskapet skal handtere dei utfordringar som ein til ei kvar tid står ovanfor. Fokuset skal sikre god og stabil drift også i eit lengre perspektiv. Dei viktigaste tiltaka for å sikre utviklinga i konsernet er å digitalisere løysingane vi nyttar i dag, kome i møte med krav frå myndighetene, utbetre

kvalitetssystema våre og elektrifisere maskinparken i større grad.

SUM har ein unik moglegheit til å gjere ein skilnad i samfunnet, og jobbar særskild med utvalde berekraftsmål og delmål for å styrke denne posisjonen. Følgjande berekraftsmål er framheva i verksemdsstrategien:



**Vi skal nytte og bidra til utvikling av innovative og brukarvennlege tenester.
Vi skal sørge for å utvikle optimal infrastruktur som toler klimaendringane.**

9.1 og 9.4



Vi skal bidra aktivt til å bygge berekraftige lokalsamfunn som ein foretrukken arbeidsgjevar og tilretteleggar av gode løysingar.

11.6



Vi skal bidra til å redusere forbruket og utnytte avfallsressursane maksimalt ved å vere ein tilretteleggar, opplyse, veilede og informere.

12.2, 12.3, 12.4, 12.5 og 12.7



Vi skal jobbe med berekraft i alle delar av verksemda og sikre ein reduksjon av vårt eige, så vel som abonnentane og kundane sitt klimaavtrykk.

13.2 og 13.3



Vi skal sikre og påsjå at vi ikkje forureinar grunnen på våre anlegg.

14.1 og 14.3



**Vi skal aktivt sjå etter nye løysingar for å sikre berekraftig liv på land.
Vi skal prioritere å ha høg sikkerheit på anlegga våre.**

15.3 og 15.8



Vi skal samarbeide med andre for å dele kunnskap og best mogleg kunne etterleve strategien og berekraftsmåla vi har utpeika oss.

17.17

Vidare så jobbar SUM særskilt utifrå følgjande relevante berekraftsmål som går fram av figuren til høgre, for å fremje respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendig arbeidstilhøve.



SUM skal vere ein truverdig aktør i samfunnet. Først og fremst vil vi evne det ved å jobbe mot visjonen vår og tilhøyrande ambisjonar.

Kvar er vi?

Situasjonen i dag:

- Auka fokus på miljø og berekraft i samfunnet elles, legg til rette for ei vidareutvikling av SUM som eit framtidsetta og attraktivt renovasjonsselskap
- Stadig auka krav og reguleringar nasjonalt og internasjonalt bidreg til å framskynde og poengtere viktigheita av innovative og brukarvennelege løysingar knytt til sirkulær økonomi
- Det er stadig fleire i bransjen og i andre næringer som ser nytten og viktigheita av nettverk, samarbeid og industrielle symbiosar
- SUM har ei god og effektiv drift som ligg i botn, og som danner eit godt grunnlag for auka fokus på organisasjonsutvikling og innovasjon i tida framover
- Vi har ein stabil stab med høg arbeidsmoral og yrkestoltheit som ønskjer å utvikle arbeidsplassen sin, noko som gjev eit godt utgangspunkt for endring

Kvar skal vi?

Våre ambisjonar:


- Vi skal bidra i utviklinga av, og legge til rette for, gode og brukarvennelege løysingar
- Vi skal ta samfunnsansvar og oppmode, veilede og informere våre abonnentar og kundar for å oppnå lågare forbruk, mindre avfall og meir gjenvinning
- Vi skal vere tilgjengelege og ha funksjonelle stasjonar med moderne utstyr, god logistikk og saumlaus infrastruktur
- Vi skal legge til rette for god kommunikasjon og informasjonsflyt internt i verksemda, og prioritere kompetanseheving blant dei tilsette
- Vi skal ha god dialog med eigarkommunane, ta ein aktiv rolle for å samarbeide med andre, og bli ein prioritert samarbeidspartner

Kvar skal vi?

Vår visjon:

Sunnfjord Miljøverk skal tilby løysingar verda treng, til glede og nytte for folk og lokalsamfunnet

Ambisjonane vert attspegla i strategien til SUM som vidare samsvarer med føremålet i selskapsavtalen og krav og mål knytt til lovpålagd renovasjon og slam.




SUM jobbar i tillegg mot å vere ein truverdig aktør i samfunnet ved å fokusere på følgjande punkt:

- Ansvarleg eigarstyring og leing
- Å oppretthalde samfunnskritisk og – naudsynt drift

- Etisk verksemdspraksis
- Ansvarleg kommunikasjon, transparens og påverknad
- Overhalde krav frå mynde og sentrale interessentar
- God datatryggleik

I høve til krav frå EU og FN sine berekraftsmål har SUM eit stort fokus på ressursutnytting og avfallshandtering basert på avfallshierarkiet sine prioriteringar.



Retningslinjer og rutinar for handtering av risiko

SUM har eit ansvar for å forvalte ressursane i avfallet på ein forsvarleg måte. Vi jobbar kontinuerleg for å minske klimaavtrykket vårt, og å minimere utslepp til luft, vatn og jord. Vi følg FN sine retningsgjevande prinsipp for næringsliv og menneskerettar og OECD sine retningslinjer for ansvarleg næringsliv. Vår overordna tilnærming for å oppfylle våre plikter til å respektere grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve vert styrt gjennom vårt arbeid med berekraft. Dette omfattar både eiga verksemd og leverandørkjeda.

I kartlegginga av risiko ser vi på alle leverandørar til verksemda og vurderer kor risikoen for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold er størst. Vi sorterer leverandørane etter storleik når det gjeld innkjøp og startar med å gjennomføre risikovurdering på dei største leverandørane. Vi prioriterer deretter dei områda der vi ser at det er størst risiko for negativ påverknad eller skade.

Ein stor del av våre innkjøp er knytt til transporttenester. Dette er ein bransje der risikoen for uanstendige arbeidstilhøve kan vere høg og desse tenestene er difor prioritert i kartlegginga.

SUM har mottakarar av avfall som vert rekna som kundar. Vi gjer òg risikovurderingar av desse, og handsamar dei på same måte som leverandørar.

Menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve skal vere i fokus under alle vurderingane.

System for handtering av informasjonsplikta

SUM har rutine for mottak og handsaming av henvendingar i avdeling for kundehandtering. Ein finn informasjon nedst i dette dokumentet om kvar henvendingar knytt til openheitslova skal sendast.

Vesentlege risikoområder i vår eiga verksemd

Leiinga har jamnleg gjennomgang av konsernet sitt risikobilete. Risikoar vert følgt opp med konkrete risikoreduserande tiltak.

Som ledd i arbeidet med implementering av Openheitslova, vil tema rundt SUM sine negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve, naturleg inngå som ledd i leiinga sitt risikoarbeid.

SUM føl norsk lovverk for helse, miljø og tryggleik på arbeidsstaden, og for likestilling og fråvær av diskriminering. SUM har som målsetnad å ta vare på helsa til dei tilsette, både fysisk og psykososialt. Våre etiske retningslinjer og arbeidsreglement set tydelege rammer for korleis vi forventar at tilsette opptrer mellom kollegaer og ut mot eksterne. Alle skal handsamast med respekt og verdigheit.

Vi har vurdert det slik at det ikkje eksisterer område internt med vesentleg risiko for negative konsekvensar eller vesentleg risiko opp mot menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve. SUM som arbeidsgjevar vert styrt etter eit omfattande lovverk og tariffavtale som sikrar arbeidstilhøva til dei tilsette. Konsernet arbeider aktivt for å fremje likestilling, sikre like vilkår og rettar og hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonal opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn. Det eksisterer tydelege og kjende retningslinjer i forhold til etikk, likestilling, mangfald og varsling. Følgande tema vert årleg diskutert med tillitsvalde:

- Gjennomgong av varslingsrutinar
- Bruk av deltidstillingar og innleige
- Løn- og lønsvilkår

I samband med årleg medarbeidarsamtale skal dei etiske retningslinjene verte gjennomgått. SUM sitt HMS- og internkontrollsystem er eit årleg tema i SUM sitt styre.

Vesentlege risikoområder i leverandørkjeda

Innkjøpsprosedyren skildrar våre forventningar til leverandørar på same måte som vi har for våre tilsette. Alle skal handsamast med respekt og verdigheit, og dei skal opptre seriøst og med aktsemd for å unngå skader og negative konsekvensar for menneske og miljø.

Gjennom arbeidet med offentlege innkjøp og innkjøpsregelverket har konsernet kome langt i arbeidet med å kartlegge leverandørkjeda si.

God kunnskap om SUM sine leverandørar og leverandørkjeder er avgjerande for at SUM skal kunne foreta risikovurderingar og jobbe førebyggjande for å minimere risiko knytt til menneskerettar, arbeidstakarrettar og miljøvern. For å forstå overordna risiko for negativ påverknad knytt til leverandørane, er det for aktsemdsvurderinga samla inn informasjon om geografi, bransje, produkt og verksemdsspesifikke faktorar knytt til kvar enkelt leverandør. Som ledd i kartleggingsarbeidet er det sendt ut brev til 21 leverandørar. Vi har motteke svar frå 6 av dei. Dette, kombinert med søk på nett etter avvik hos våre forbindelser, gav oss høve til å klassifisere våre leverandørar som lav, middels eller høgrisiko leverandørar.

I tillegg til å be om generell informasjon verksemda har vi bedt om informasjon knytt til underleverandørar, sosialt ansvar, retningslinjer for menneskerettar, arbeidsmiljø, forretningsetikk og HMS. Det har vore noko varierende mengd på tilleggsdokumentasjon vi har motteke, men utsendinga har gjeve oss verdifull kunnskap som ledd i kartleggingsarbeidet vårt.

Funn og tiltak

Gjennom aktsemdsvurderinga på 36 bedrifter har vi kartlagt eventuelle negative konsekvensar og

Resultat av aktsemdsvurderinga		
Risiko	Tal leverandørar	Kommentar
Lav	29	SUM innhentar dokumentasjon ved utsending av skjema til openheitslova, samt eigenerklæringsskjema ved signering av kontrakt.
Middels	7	Vert vurdert som middels risiko basert på bransje, kunnskap og kjennskap til leverandørkjede samt svar på spørjeskjema/evaluering.
Høg	0	Ikkje aktuelt

vesentlege risikoar. Ved funn av negative konsekvensar skal SUM snarast setje i gong tiltak for å stanse, førebyggje og redusere negativ påverknad.

Kartlegginga avdekkar ingen faktiske negative konsekvensar påført av SUM. Kartlegginga viser imidlertid at det er risiko for negative konsekvensar.

Resultatet av aktsemdsvurderinga gav følgjande resultat:

Resultata av kartlegginga avdekkar at leverandørar i førsteleddet til SUM i all hovudsak er norske leverandørar. Leverandørkjedene kan imidlertid vere komplekse, og sjølv med nordiske leverandørar veit ein at mange av innkjøpte produkt kan ha sitt opphav i høgrisikoland, anten gjennom utvinning av råvarer eller produksjon. Kartlegginga viser at SUM anskaffar ein god del av det DFØ omtalar som høgrisikoprodukt, mellom anna køyretøy, transporttenester, IT-utstyr og arbeids- og verneklede. Dersom leverandørar vert vurdert i risikokategori middels eller høg, er vidare oppfølgingstiltak vurdert ut frå kva svar/tilbakemeldingar SUM har fått når vi har bedd om ytterlegare opplysningar.

Tiltak for å avgrense risiko i leverandørkjeda

Ut frå resultata av kartlegginga har vi utarbeidd tiltak for å redusere potensiell risiko

- Kontraktsfesting av krav knytt til openheitslova
- Berekraftige anskaffingar
- Revisjonar og risikovurderingar utført av SUM sine egne tilsette
- Internopplæring i konsernet
- Samarbeid med andre

Våre innkjøp vert gjennomført i tråd med lov og forskrift om offentlege anskaffingar, allmenngjeringslova med forskrift, arbeidsmiljølova samt anna regelverk som stiller krav til etisk åtferd hjå leverandørane i SUM. Gjennom våre anbudsdokument kommuniserer vi forventningane våre om at leverandørane følgjer retningslinjene basert på FN- og ILO-konvensjonar sine krav til arbeids- og menneskerettar.

I vår anskaffingsstrategi er eitt av våre delmål å redusere miljøbelastninga, fremje klimavenlege løysingar, bidra til ryddige lønns- og arbeidsvilkår og bidra til at grunnleggjande menneskerettar vert respektert.

Dersom det vert oppdaga brot på menneskerettar og grunnleggjande standard for anstendig arbeid hos leverandør eller underleverandørar, eller vesentleg risiko for slike brot, skal vi informerast omgåande. Kravet er inkludert i våre kontrakter med leverandørar. Våre leverandørar må rette opp manglar innan fristar som er definert i kontrakt. Dersom det vert avdekka potensielle eller faktiske brot i leverandørkjeda, skal dette følgjast opp gjennom dialog med den aktuelle leverandøren. Brot som ikkje vert adressert innan rimeleg tid, kan føre til suspensjon/terminering av kontrakt.

Forbetringstiltak hjå leverandørar skal følgjast opp slik at vi sikrar at tilhøva vert ordna opp i. Avvik og resultat skal loggførast og rapporterast i årsrapport.

SUM er medlem i samarbeidsorganet, Kommunalt Avfall Vestlandet (KAV). KAV har 11 medlem. Ni av medlemma er renovasjonsselskap og to medlem er kommunale renovasjonseiningar, alle lokalisert på Vestlandet. På KAV sitt møte i Bergen i april 2024 vart det teke avgjersle på at medlemsverksemdene ønskjer å formalisere samarbeid knytt til leverandør oppfølging i tida framover. Pr i dag har ein ikkje funne å kunne prioritere dette

Implementering

Vi implementerer pliktene våre til grunnleggjande menneskerettar i tråd med aktsemdsvurderingsprosessen for ansvarleg næringsliv, anbefalt av OECD, jf innleiande figur. Dette inneber:

- Øvste ansvar ligg hos selskapet si leiing og styre
- Alle tilsette skal gjerast merksam på pliktene våre og si rolle i å bidra til gjennomføring
- Vi gjennomfører aktsemdsvurdering for leverandørkjeda vår, og vurderingar av våre leverandørar skal verte gjennomgått årleg
- Vi skal frå og med 2023 ha rutinar for regelmessige aktsemdsvurderingar og rapportering i tråd med Openheitslova.
- Vi skal følgje opp informasjon om negative konsekvensar og vesentleg risiko for tilsette og andre partar av verksemda vår.

SUM kan aldri garantere for at brot på menneskerettar og anstendig arbeidstilhøve ikkje eksisterer i verdikjeda. SUM vil imidlertid kontinuerleg jobbe for å sikre etterleving av OECD sin modell for aktsemdsvurderingar.

Kontakt

For spørsmål om denne utgreiinga og vår tilnærming til grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve, send ein e-post til post@sum.sf.no og merk med "Openheitslova 2026".

Førde, 14. juni 2026

Styret i Sunnfjord Miljøverk IKS

Grim Erik Gillestad
Styreleiar

Anne Mette Hjelle
Nestleiar

Frida Melvær
Styremedlem

Hanne Katrine Mundal
Styremedlem

Geir Helge Norstrand
Styremedlem